

Kapittel 5

Klima og straum

5.66. Sikker tilgang på straum

Straum frå atom – det betyr usikker straum. Til dømes då atomkraftverket Biblis A måtte skifte ut fleire tusen skruar. I over eit år produserte reaktoren av den grunn ikkje ein einaste kilowattime straum. Det same hende i Biblis B, og Krümmel var koplå frå straumnettet i to år. På same måten var det med atomkraftverket Brunsbüttel. I 2007 stod i periodar sju av dei 17 tyske reaktorane stille på grunn av reparering. Og om sommaren har atomkraftverka ofte problem. Då må dei regelmessig sette ned effekten på grunn av at elvane er for varme.

5.67. Overkapasitet

I Tyskland er atomkraft overflødig. Sjølv i 2007 då mange atomkraftverk i periodar stod stille hadde Tyskland nok straum til å eksportere. Miljøverndepartementet og finansdepartementet erklærte uavhengig av kvarandre at å slutte med atomkraft betyr ikkje at lyset går. Atomstraumen kan erstattast med fornybar energi, straumsparing og kraft-varme-kopling.

5.68. Drivhuseffekt

Urangruver, handsaming av uranmalm og anriking er årsak til store mengder klimaskadelege drivhusgassar. Sjølv i dag har atomstraum av den grunn dårlegare CO₂-likevekt enn straum frå vindkraft og til og med frå små gass-varmekraftverk. I framtida vil denne likevekta bli endå dårlegare. Jo mindre uran i malmen, desto meir fossil energi går med til uranutvinning.

5.69. Vern om klimaet – atomkraft reddar ikkje klimaet

Atomkraft dekkjer godt to prosent av energiforbruket i verda. Med ein slik nisjeteknikk reddar ein ikkje klimaet. Tvert i mot: Atomkraft blokkerer utbygginga av fornybar energi, hindrar energiendringa, fører til sløsing med straum og bind kapital som vi treng til framtidsretta og bærekraftig energiutvikling.

5.70. Effektfiasko

Atomkraft er rein energisløsing. Fysisk sett kan eit atomkraftverk berre omsette omkring ein tredjedel av den frigjevne energien frå kjernespaltinga til straum. Resten varmar opp og skadar økosystemet i elvar og atmosfære. Sjølv kolkraftverka har ein større verknadsgrad.

5.71 Straumsløseri

Atomkraft oppmuntrar til sløsing med straum. Atomkraftverka lønar seg berre dersom dei er i gang heile tida. Om natta blir det brukt mindre straum. Det er ikkje underleg at atomselskapa lenge har reklamert for nattmagasinoppvarming. Og kva med atomstraumen om sommaren. Det franske energiselskapet EDF har planar for det. Dei reklamerer for klimaanlegg.